

Jarl Anders Grane Ringstad

Norges handelsstrategiske interesser ovanfor handel med Sovjetsamveldet

1946 - 1956

Fordjupningsoppgåve i Lektor historie

Rettleiar: Hans Otto Frøland

Mai 2024

Jarl Anders Grane Ringstad

Norges handelsstrategiske interesser ovanfor handel med Sovjetsamveldet

1946 - 1956

Fordjupningsoppgåve i Lektor historie
Rettleiar: Hans Otto Frøland
Mai 2024

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Det humanistiske fakultetet
Institutt for historiske studiar



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Innhold

Del 1.0 Innleiing.....	3
Del 1.2 Problemstilling.....	4
Del 1.3 Kvifor skilje mellom 1946-1949 og 1953-1956?	4
Del 1.4 Metode.....	5
Del 1.5 Kritikk til metode.....	7
Del 2.0 Handelsstrukturen mellom Noreg og Sovjetsamveldet	7
Del 2.2 Sovjetsamveldet si stilling i norsk handel mellom 1946-1956.....	8
Del 3 Dei handelspolitiske interessene i handelssamkvem med Sovjetsamveldet – åra 1946 til 1949	14
Del 3.1 Problem i innførselen av Korn.....	15
Del 3.2 Utførsel av norsk sild og herdet fett	16
Del 3.3 Innførselen av kron- og manganmalm.....	18
Del 3.4 Gjødning	19
Del 3.1.5 Innførsel av mindre poster	19
Del 3.6 Eit politisk perspektiv på handelen.....	20
Del 3.7 Samla interesser i perioden 1946-1949.....	21
Del 4.1 Brotet i 1950 – Omlegging av handelsstrukturen	21
Del 4.2 Brot i handelsforhandlingar	22
Del 5. Interesseendring i handelssamkvem med Sovjet – 1953-56.....	24
Del 5.1 Mindre avhengig av marknaden i aust.....	25
Del 5.2 Usikkerheit knytt til strategien.....	25
Del 5.3 Framleis norsk interesse for sovjetisk korn?	26
Del 5.5 Eit spørsmål om pris	27
Del 5.6 Manglande emne til å utvide vareimporten til Noreg	29
Del 5.7 Eksportfokus.....	29
Del 6. Konklusjon.....	30
Del 7. Litteraturliste:	32
7.1.1 Handelsstatistikken – SSB. a.	32
7.1.2 Jordbruksstatistikken SSB. b.	33
7.1.3 Økonomiske utsyn – SSB c.	34
7.1.4 Fiskestatistikken:	34
7.2 Primærkilder.....	35
7.2.1 Stortingsforhandlingar.....	35
7.2.2 Utenriks- og konstitusjonskomiteen.....	36
7.3 Sekundærkjelder.....	37

Del 1.0 Innleiing

Sidan mellomalderen har Noreg eksportert fisk og importert korn. Eit kupert landskap og kjøleg klima har resultert i dårlege veksttilhøve for korn. Den lange kystlinja har dog gitt rike fiskemoglegheiter for befolkninga. Resultatvis har store delar av befolkninga busett seg langs kysten for å ta del i rikdommen den kunne tilby.

Tilknytninga mellom utflyten av fisk i bytte mot korn frå resten av kontinentet har ei lang historie. Frå 1300-tallet tok nord-norske fiskarbønder seglasen sørover for å selje til tyske hansaer. Fisken blei så seld vidare i bytte mot baltisk korn. Noreg er og har vært avhengig av utanlandske leveransar av korn for å dekkje konsumet. Under unionstida kom store delar av kornet frå Danmark. Då den britiske krigsflåten blokkerte leveransen av korn til Noreg i 1807, blei resultatet hungersnød.

Ein parallell kan bli dradd til den norske situasjonen etter andre verdskrig. Leiaren i Forsynings- og gjenresningsdepartementet, Oscar Torp, utala at «(M)atsituasjonen var særlig vanskelig»¹. I 1945 importerte Noreg varer til ein verdi av 1 085 millionar norske kroner. 435 millionar av desse gjekk til å dekkje forbruk, då spesielt matvareforbruket². Større delar av importen kom frå det ein kalla «dollarområdet»: USA, Canada og Argentina. I motsetning gjekk mesteparten av eksporten til Europa. Sjølv om Noreg hadde større fortjeneste av amerikanske dollar, tent gjennom Nortaship, var dette ikkje nokk til å dekkje det løpande underskotet dertil. Frykten var at Noreg ville gå tom for dollar i løpet av 1947. Om dette skulle skje, ville Noreg verken kunne importere kapitalvarer til å gjenoppbyggje landet, eller brødfø si eiga befolkning.

Å sikre ulike marknader for norske varer blei slik eit viktig mål i norsk handelspolitikk; båe for å finne alternative innførselsland for korn, samt å finne avkasting av Noreg sin største eksportvare: fisk.

I aust stod Sovjetsamveldet, ei stor militærmakt som hadde gjennom sin enorme industrielle kapasitet hadde knust den tyske militærmakta. Likens etablerte Sovjetsamveldet ei rekke satellittstatar i Aust-Europa, eit marknad som Noreg gjerne ville handle med. Dette vidstrakte og flate landskapet som definerer store delar av Aust-Europa skapar gode veksttilhøve for korn.

¹ Stortingstidende (14.12.1946) s. 72

² Stortingstidende (19.02.1946) s. 239

Handel med Russland har i all hovudsak vore eit fenomen isolert i Nord-Noreg.

Pomorhandelen var ei delvis ulovleg handel mellom busetnaden i Nord-Noreg med den russiske busettinga på Kolahalvøya. Etter Oktoberrevolusjonen i 1917 braut handelen saman, for så å byrja igjen i 1924. Då var norske interesser å eksportere fisk, i all hovudsak mot rug og kveite³. Då valutamangelen begynte å gjere seg gjeldande ved frigjeringa, ynskja ein å gjenopprette denne handelen med Sovjetsamveldet. Utanriksminister Halvard Lange oppsummerte det slik i 1948: «vi ville sikre oss tilførselen av matkorn i så stor utstrekning som mulig, En slik tilførsel av matkorn ville bety en lettelse i vår valutasituasjon»⁴.

Sovjetsamveldet vaksande industrielle emne kunne slik stille som eit legitimt alternativ til marknaden i vesten utan bruk av dollar.

Del 1.2 Problemstilling

Med utgangspunkt i tidlegare forskning har denne oppgåva som mål å svare på fyljande problemstilling: *korleis utvikla Sovjetsamveldet sin posisjon i norsk utanrikshandel mellom 1946 og 1956 i lys av den norske valutasituasjonen?*

Dette vil medføre å analysere bae økonomiske samt politiske insentiv til å driva handel med Sovjetsamveldet. Oppgåva skal rette fokus mot gjeldande eksport av saltet sild, samt importen av varer som var viktig for norsk konsum og industri. Disse varer var hovudsakleg korn, men også mindre varer som mangan- og krommalm og gjødningsmiddel. Fokuset i oppgåva vil vera å samanlikne handelspolitiske insentiv i perioden 1946-1949 opp mot den seinare norske handelspolitiske stilling mellom 1953-1956.

Del 1.3 Kvifor skilje mellom 1946-1949 og 1953-1956?

Norsk fisk har, slik som Arne Melchior skriv, vært eit evig sentrum for utanrikshandelen⁵. Fiskerieringa er, og har vore ei offensiv norsk næring. Resultatvis har ein difor ønske å leggje så få hindringar på eksporten av fisk som mogleg. Norske ynskjer om å eksportere til Aust-Europa må slik sjåast i syn av næringa sin sentrale posisjon i norsk økonomi. Hans Otto Frøland påpeiker at «Noreg (søkte) bevisst de østeuropeiske markedene»⁶, fordi at eksport av vintersild stod ovanfor større avsetningsproblem i Vest-Europa. Importen frå Aust-Europa

³ Melchior A. & Sverdrup U. (2015) s. 195

⁴ Utanriks- og konstitusjonskomiteen (29.01.1948) s. 1

⁵ Melchior & Sverdrup (2015) s. 20

⁶ Melchior & Sverdrup (2015) s. 204

bestod i all hovudsak av korn, samt ei rekke mindre varer. Bulkvarer som ein elles sikra seg frå marknadene i Amerika⁷.

Norsk handel med Sovjet utvikla seg i same mønster som i resten av Vest-Europa. Slik som i resten av Europa var det ei generell politisk velvilje ovanfor Sovjetsamveldet. Svein G. Holtsmark (2015) belys ei generell positiv haldning på tvers av partipolitikk. Der ein ynskja å knytte politiske samt økonomiske band til Sovjetsamveldet. Trass dette forblei handelen «begrenset»⁸.

I all hovudsak kan dette forklarast i lys av den utanrikspolitiske divergensen mellom Aust- og Vest-Europa.

I 1948 forventet utenriksledelsen en utvidelse av hadelen med Østblokken. Gjennom å bytte vanskelige avsettelige norske varer som saltsild og hvalfett og -olje mot dollarvarer som korn, kull og sukker, kunne Norge spare hard valuta. Forvetningene ble imidlertid redusert fra 1950 av, på grunn av en langt steilere holdning fra de østlige varebytteforhandlerne.⁹

Slik oppsummerer Tor Egil Førland den handelspolitiske situasjonen i boka *Si intet* (1988). Førland tar føre seg den politiske dragkampen innad i COCOM, og prøver ved dette å besvare spørsmålet: i kva grad påverka CoCom handelen med Aust-Europa. Denne debatt blei starta av Gunnar Adler-Karlsson (1968) som argumenterte at COCOM stod som den leiande årsaka til at handelen mellom Vest- og Aust-Europa stagnerte frå 1950 og fram. Karlsson meinte vidare at COCOM sin fremste politiske mål var å redusere handelsvolumet mellom aust og vest og knytte Vest-Europa opp mot USA¹⁰.

*There remains, however, a not insignificant probability that the embargo policy was a main explaining factor behind the trade development*¹¹

Førland sin bok vektleggje heller ei rekke andre årsaker til at handelen stagnere. Han konkluderer med at den leiande årsaka til at handelen stagnerer ligg på autarkisk politikk innad i Sovjet-blokka gav lite insentiv til å fostra auka handelen med Vest-Europa. Sovjetisk innvending arta seg i strukturelle problem, slik som pris og avgrensa vareomfang¹².

Del 1.4 Metode

⁷ Melchior & Sverdrup (2015) s. 201-202

⁸ Holtsmark S. G. (2015) s. 281 & 327

⁹ Førland T. E. (1988) s. 243

¹⁰ Adler-Karlsson (1968) s. 22-24

¹¹ Adler-Karlsson G. (1968) s. 166

¹² Førland T.E. (1988) s. 224

I denne oppgåva vil eg foreta ein analyse av den norske utanrikshandelen med Sovjetsamveldet frå 1946 fram til 1956. Der tar eg utgangspunkt i tre hovudkjelder: *Norges Handel*, *Norges Jordbruk* og *Norges Fiskeri*. Fystnemnde blir brukt for å gje innsyn i handelen sitt innhald og vareomfang. *Norges Jordbruk* og *Norges Fiskeri* blir brukt for å finne produksjonstall og utførselstall i perioden. Håpet er at dette kan gje innsyn i handelskonturar mellom Noreg og Sovjet.

Dette vil så bli satt opp mot diskusjonar innad i stortinget og dermed søke forklaringar på konturane i statistikken. Slik er håpet å finne ut kva regjeringa sine prioriteringar, ynskjer og bekymringar handelen bringa med.

Sentrale kjelder for denne delen av oppgåva er henta frå *Stortingsforhandlingar*, som ei rekke dokument, slik som *stortingsmeldingar* og *stortingstidende*. Stortingsmeldingar inneheld arbeid og rapportar retta mot spesifikke tema, med den hensikt å framleige drøftingar eller framtidig politikk¹³. Stortingsforhandlingar er transkriberte dokumenter som inneheld diskusjonar innad på stortinget. Debatten omfattar ofte drøftingar rundt stortingsmeldingar i ein fleirpartisk arena. Stortingstidende kan slik gje eit innsyn i debatten mellom partia, og kva partia tenkte om handelen med Sovjetsamveldet.

Oppgåva vil også ta i bruk diskusjonar innad i *utanriks- og konstitusjonskomiteen* som ei sentral kjelde. Denne komiteen sitt formål var å drøfte utanrikspolitiske spørsmål, for så å forberede saker til presentasjon i Stortinget. Komiteen bestod av medlem frå alle parti. Sidan diskusjonane innad i komiteen ikkje var tiltenkt offentleg publikasjon, stod medlemane deira difor fritt til å drøfte saker utan partipolitisk tilknytning.

Oppgåva er delt i 4 delar. I del 2 vil eg kort sjå på Sovjet si stilling i norsk utanrikshandel mellom 1946 til 1956, og prøve å kategorisere delar av handelen ut ifrå kva som vil bli ilaget fokus på seinare i oppgåva. Av ulike årsaker har eg vald å periodisere det på fyljande måte. Frå 1946 til 1949 blir omhandla i del 3 og beskriv ei periode av auka handelssamkvem mellom Noreg og Sovjet. Det ein ser er ei vaksande handelsvolum samt eit politisk klima som verkar meir konstruktivt enn i seinare tid. I del 4 vil eg drøfte handelssnedgangen i 1950 og prøve å drøfte fram dei politiske erfaringane som fylje av den. Sist i del 5 vil ein eg sjå på kvifor handelen tok seg opp igjen, og om erfaringar frå brotet i 1950 medførte ei endring i Sovjetsamveldet si strategiske stilling forhold til handelen.

¹³ Stortinget (2024)

Del 1.5 Kritikk til metode

Store delar av oppgåva baserer seg på statistisk materiell angitt i SSB sine historiske dokumenter, noko som kan leie til enkelte utfordringar.

Handelsstatistikken sine føringar av produksjonen er delvis unøyaktig. Definisjonar og grupperingar endrar seg over tid, der enkelte statistiske oppsett blei brukt som standar.

Dømevis slik som at hl blir erstatta av andre statistiske berekningar, slik som tonn. Dette har gjort det vanskeleg å fastslå nøyaktige produksjonstall i perioden før 1950 då i dette ofte blir oppgitt i hektoliter.

Andre problem er nøyaktigheit i beskrivinga av enkelte varer, der ein del mindre billag ikkje er spesifisert og verken deira verdi og vekt er nøyaktig kalkulert. Dette er spesielt gjeldande for vareposten *dyre- og plantefett*. Denne posten er ikkje oppgitt i mengde. Difor har eg vald å forhalde meg til pris ved denne varen, sjølv om dette er problematisk der det ignorere ei rekke faktorar, slik som prisvekst og svak krone.

Eit anna problem er når ein ser handelen isolert frå den Noreg si interne økonomi. Oppgang, nedgang og bortfall av enkelte poster kan ha sin forklaring i nedgang i produksjonskapasiteten, og ikkje nødvendigvis tilknytt politiske eller handelsmessige årsaker.

Grunna at *Norges Handel* og *Norges Jordbruk* er utgitt av Statistisk sentralbyrå, vil *Norges Handel* bli oppført som «SSB. a.» i fotnotane, mens *Norges Jordbruk* vil bli referert til som «SSB. b.». Likens vil eg markere når statestatikken er henta frå *Norges handel del I* eller *del II*. Der etter 1952 byrja Statisk Sentralbyrå å utgeve statestatikken i to volum.

Sist er eigne avgrensingar, der sovjetiske kjelder er utanfor min eigen kompetansefelt å tolke. Endringar i utanrikshandelen kan ha sine årsaker frå sovjetisk side. Resultatet er indikasjonar på norsk side. Det er difor vanskeleg å gje ei komplett framstilling av begge parter sitt forhold til kvarandre og handelen.

Del 2.0 Handelsstrukturen mellom Noreg og Sovjetsamveldet

Den fyste formelle handelsavtalen mellom Noreg og Sovjetsamveldet blei underteikna den 27. desember 1946¹⁴. Forhandlingane føregjekk frå den 19. november til 11. desember. Den bestod av to delar: clearingsavtala og varelista. Clearingsavtala kan ein kalla ei rammeavtale for betaling mellom partane. Der ein var eining om at eventuelle overskot kunne bli utbetalt i enten amerikanske dollar eller gull. Clearingsavtala gjaldt i utgangspunktet i to år, men blei


¹⁴ Finans- og tollkomiteen (1947) s. 4.

automatisk forlenga om ingen av partane meldte avbrot. I forhold til varelista stod følgende: «De to lands regjeringer skal bli enige om slike lister for bestemt tidsrom»¹⁵. Kvar stat gav tilbod på visse varer i bytte mot andre. Handelen kan slik kategoriserast som ein slags byttehandel. Sidan varebytteavtaler ikkje var vilkårsbunden utveksling av valuta var det den leiande måten å strukturere norsk handel etter andre verdskrig, også ovanfor andre europeiske land¹⁶

Del 2.2 Sovjetsamveldet si stilling i norsk handel mellom 1946-1956

I *Figur 1* ser ein graden handelen Sovjetsamveldet utgjorde av Noreg sin totale eksport og import. Handelen vaks sterkt i perioden 1946-1949, frå om lag 1,54 % i 1946, til 5,04 % i 1949. Likens vaks innførselen, frå 0,5 % til 2,86%. Åra 1946 fram til 1950 markera dei beste åra for handel mellom dei to landa. 1950 markerte difor eit brot i handelen. Det året fall eksporten ned til 2,07% og 1,53% for innførsel. Perioden mellom 1950 til 1953 var botnnivået i handelen mellom Noreg og Sovjetsamveldet. Frå 1953 byrja handelen å auke igjen. Etter 1953 tok Sovjetsamveldet ei mindre rolle i norsk utanrikshandel, relativt til den totale handelen.

Figur 1 - Norsk handel med Sovjetsamveldet i forhold til den totale handelen



¹⁵ Finans- og tollkomiteen (1947) s. 44

¹⁶ Melchior A. & Sverdrup U. (2015) s. 202 & Utenriksdepartementet (1952) s. 2

I *Tabell 1* er handelsbalansen mellom Noreg og Sovjet oppgitt. Den kan gje eit innsyn i den relative balansen mellom dei to statane. Sidan handelen var basert rundt utbytte av varer, spelte handelsbalansen mellom dei to ei større rolle. Der ein ved større overskot i handelsbalansen risikerte å «gje vekk» pengar, og ved større underskot risikerte ein å måtte betale med den avgrensa tilgangen på hard valuta.


Tabell 1. Den relative handelsbalanse mellom Noreg og Sovjetsamveldet			
ÅR	Utførsel til Sovjeti mill. kr	Innførsel til Noreg i mill.kr	Handelsbalanse
1946	18,5	10,8	7,7
1947	61,1	52,4	8,7
1948	96,7	135,2	-38,5
1949	115,3	120,7	-5,4
1950	57,7	74,2	-16,5
1951	86,5	72,7	13,8
1952	73,2	81,4	-8,2
1953	107,9	121,1	-13,2
1954	173,3	94,8	78,5
1955	104,2	125,5	-21,3
1956	151,1	152,2	-1,1

¹⁷ (i kronologisk rekkefølge) SSB. a. (1946-1951) s. 27, 26, 14, 14, 14, 14, & SSB. a. Del II (1952-1956). s. 11, 30, 32, 33, 29.


¹⁸ SSB. a. (1946-1951) s.295, 354, 352, 342-343, 322, 391 & SSB. a Del II. (1952-1956). s. 82, 55, 58, 60, 55.

Eksporten

I Figur 2 ser ein eksporten frå Noreg til Sovjetsamveldet fordelt på dei viktigaste varepostane.



19



20

¹⁹ SSB. a. (1946-1951) s.295, 354, 352, 342-343, 322, 391 & SSB. a Del II. (1952-1956). s. 82, 55, 58, 60, 55.

²⁰ SSB. a. (1946-1951) s.295, 354, 352, 342-343, 322, 391. SSB. a Del II. (1952-1956). s. 82, 55, 58, 60, 55. & SSB. a. (1946-1951), s. 212, 245, 246, 235, 219, 262., SSB.a. Del II (1952-1956) 230, 267, 282, 247, 260.

Fisk og fiskevarer inkluderer ei rekke fiskesorter, men er i all hovudsak beståande av saltet sild. Fram mot 1950 utgjorde saltet fisk 1/4 av den samla utførselen, der ein i figur 3 ser eit tett forhold mellom den totale utførselen av saltet sild og utførselen av saltet sild til Sovjet.

Det er spesielt tydeleg etter 1950, der over halvparten av eksporten av saltet sild gjekk til Sovjet. Samtidig seig etterspørselen etter saltet sild på marknaden i Tyskland.

Andre fiskesortar/foredlingsmåtar, slik som torsk, fersk og frossen sild utgjør ei langt mindre andel av denne posten. Utover 1953 byrja ein å eksportere frossen fisk, men til ei langt mindre grad enn saltet sild.

Dyre- og plantefett framstår som den største posten i eksporten. Dømevis stod dyre- og fiskeoljer for om lag 56% av det årlege gjennomsnittet eksporten til Sovjet mellom 1946 og 1956²¹. Posten består av tran og sildolje. Trass dette utgjør verdien av dyre- og planteoljer meir enn den samla verdien av tran og sildolje. Der hovuddelen ikkje er oppgitt. I dokumenter frå tida, blir «herdet fett» brukt som ei beskriving av denne posten²². Dette kan bety så mangt, men ut ifrå sekundærkjelder verkar «herdet fett» å bestå av kvalolje og kvalfett²³. Dette kunne vidare raffineras til eit margarin-liknande produkt. Om ein tar *herdetspise fett* som utgangspunkt, eksporterte ein dette til ein verdi av 117 millionar kroner i 1949. Samtidig var eksporten av dyre- og plantefett til Sovjetsamveldet var verd 79 millionar kroner²⁴.

Malmer og uedle metaller har i denne oppgåva ei samling for billaga *malmer og slagg og andre uedle metaller* og inneheld tre varer: aluminium, svovelkis (kopperfattig) og molybdenglans. Sovjet var eit viktig marked for norsk molybdenglans, og var mellom 1947 og 1950, Noreg si einaste importør av denne varen. Molybdenglans var likevel av liten økonomisk betydning, der eksporten aldri oversteg 150 tonn. Frå 1951 gjekk denne eksporten til Sverige og Storbritannia.

Svovelkis (kopperfattig) var etter jernmalm av større betydning for norsk utførsel. I perioden 1948 til 1949 gjekk 15% av svovelkis (kopperfattig) til Sovjet. Eksporten av svovelkis stopper opp i 1950, og tek seg ikkje opp igjen.

Eksporten av aluminium byrja i 1948, og utgjør den største varen i denne posten. Dømevis i 1950 var den totale eksporten 57 millionar kroner. Av dette var 10 millionar tent gjennom eksporten av aluminium. I forhold til den totale eksporten av rå aluminium, gjekk om lag 13%

²¹ Gjennomsnittberekning av kjeldematerialet

²² Utenriks- og konstitusjonskomiteen (29.01.1948) s. 1- 3

²³ Førland T.E. (1988) s. 25

²⁴ SSB. a. (1949) s. 342 & 250


til Sovjetsamveldet i 1949 og 2.5% i 1956. I åra 1952 og 1953 fall aluminiumseksporten kraftig.

Mindre poster samlar ei rekke varer som blir eksportert i mindre kvanta og der eksporten av disse ikkje er stabil. Dette inneheld dømevis kjemikalier, spinnestoff, transportmidlar, ferdigvarer, tremasse og maskiner. Eksporten av slike varer verkar å ha ei mindre rolle i handelen. Ei årsak til dette er at slike eksportartiklar var enklare å avsette på marknaden i Vest-Europa.

Frå 1950 til 1953 fell slike mindre varer bort til fordel for auka eksporten av sild, olje og aluminium. Ein ser eit hopp i denne posten i 1954, men dette kan forklarast gjennom eksporten av papir og av eldre skip.

Importen- dei viktigaste varer

I *Figur 4* ser ein importen frå Sovjetsamveldet til Noreg. Figuren viser fordelinga av importen fordelt på dei viktigaste varepostane.



25

²⁵ SSB. a. (1946-1951) s.295, 354, 352, 342-343, 322, 391 & SSB. a Del II. (1952-1956). s. 82, 55, 58, 60, 55.

Korn og kornvarer stod for brorparten av importen, der store kvanta kveite, rug, bygg og havre blei importert frå Sovjetsamveldet. Den gjennomsnittlege importverdien for korn var om lag 69 millionar kroner i perioden 1946-1949. Korn stod regelmessig for om lag 90% av all import frå Sovjet fram til 1950. I 1950 fell denne posten til om lag 59 millionar kroner, ein nedgang på 43% frå 1949. Importen stiger igjen i 1953, hovudsakeleg på grunn av importen av større kvanta kveite og rug. Merk at ein samtidig ser eit større sprik mellom den samla importen og importen av korn og kornvarer. Korn og kornvarer stod i perioden 1953 – 1956 for 64.8% av Sovjet sine leveransar til Noreg²⁶.

Gjødning relativt liten del av den samla handelen, men utgjer ein stabil post. Posten består nesten utplukkande av råfosfat. Mellom 1946 til 1948 stod Sovjet som den einaste leverandøren av råfosfat til Noreg. I åra 1949 og 1950 veks den totale importen av råfosfat kraftig, grunna større leveransar frå Fransk Marokko og Fransk Algerie. Disse leverandørane emna å levere det dobbelte av tidlegare sovjetiske leveransar. Importen av råfosfat frå Sovjet fell bort i 1953, for så å returnere i 1955 på eit tilsvarande nivå som i 1952. Sovjetsamveldet blir igjen den største leverandøren av råfosfat i 1956. Med ei leveranse på 63 000 tonn, om lag halvparten av den totale råfosfatimporten.

Frå 1953 og utover blir *rå mineraler* innlemma i posten. Grovt salt markerer seg her som ei langt mindre post. I forhold til grovt salt, stod ikkje Sovjetsamveldet fram som ei viktig leverandør.

Malm og slagg er ein post beståande av to hovudvarer: manganmalm og krommalm. Begge var viktige legeringmateriell for norsk industri. Sjølv om dette var små poster i handelen, stod Sovjet som den største leverandøren av krommalm mellom 1948 til 1949. Mellom 1947 til 1956 kom 24% av totale tonnasjen av krommalm herifrå. Den gjennomsnittlege leveransen var 10 550 tonn mellom 1946-1956²⁷.

Sovjetsamveldet leverer manganmalm i større kvanta frå 1949 og framover, men er langt frå den største leverandøren. Britisk Vest-Afrika var Noreg sin største leverandør av manganmalm . Sovjetisk manganmalm utgjer på det meste 1/3 av innførselen frå Britisk Vest-Afrika²⁸.

²⁶ Regna av gjennomsnittet av total import av korn delt på den totale importen i perioden 1953 – 1956.

²⁷ Dette inkluderer åra 1946, 1950, og 1952. I dei åra leverte Sovjetsamveldet ikkje krommalm til Noreg.

Resultatvis ser ein ei større import frå britiske koloniområder, samt Pakistan og Rhodesia.

²⁸ SSB(1950). Innførselen frå Britisk Vest-Afrika var langt større i alle år. Sovjet var den nest største leverandøren.

Brennselsstoff utgjer ein liten og vaklande importvare. Ein ser eit totalt bortfall av denne posten i 1950, men ein delvis retur i 1953. Fram til 1950 bestod denne posten av steinkol, og i mindre grad av solarolje (dieselolje) og parafinvoks. Fyringsolje blir også importert, då isolert i åra 1953 og 1955. Sovjet står altså ikkje fram som ein viktig leverandør av verken steinkol eller fyringsolje i forhold til andre leverandørar.

Mindre poster består slik som med eksporten av et vidt aspekt av varer. I 1946 dette av frukt og nøtter, kjemikalier, tremasse og trevarer, skinn, klede og mineraler. Fram til 1953 utgjorde denne posten ein liten del av samla innførsel. Samtidig som posten er svært ustabil, noko som kan indikere ei låg interesse i disse varer. Sovjet står trass dette fram som den største leverandøren av råasbest til Noreg. Utanom råasbest, skiljer Sovjet seg ikkje ut som ein større leverandør, det få varer innanforbi denne posten som Sovjetsamveldet leverer i større grad. Trass dette kan ein observere ei endring i 1953, der dei mindre poster veks i forhold til den samla importen. Sovjet byrja å levere fleire varer i mindre kvanta. Dømevis i 1949 var det 17 poster, 1956 hadde dette talet auka til 25 poster. Frå 1953 inkluderar dette også transportmiddel og motorkjøretøy, noko som utgjer ein betrakteleg del av denne posten. Dette er spesielt tydeleg i 1956 når ein importera bilar til ein verdi av 10 millionar kroner, slik at ein av ti bilar kom herifrå.

Del 3 Dei handelspolitiske interessene i handelssamkvem med Sovjetsamveldet – åra 1946 til 1949

Etter krigen opplevde norsk handel å gjennomgå ei rekke omstruktureringar og problem. Bortfallet av marknaden i Tyskland hadde ei rekke konsekvensar for norsk eksport og import. Handelsbalansen i mellomkrigstida var balansert gjennom eit overskot i eksporten til Storbritannia og eit underskot i importen frå Europa²⁹. Dette systemet av relativ konvertibilitet mellom europeiske valuter og britisk sterling gav Noreg fleksibilitet i si handelspolitikk. Etter Krigen hadde Noreg ikkje den luksus. Med eit stort underskot til både Storbritannia samt til Nord-Amerika. Norsk handelspolitikk difor etterkrigstida sterkt prega av valutamangel, og ein rekna med at ein kunne gå tom for dollar i utgangen av 1947³⁰. Dette kombinert med produksjonsvanskar samt politiske erfaringar frå mellomkrigstida leia til eit større importbehov til Noreg. Denne knappheita av dollar prega norsk utanrikshandel i stor grad fram mot 1954, og var av større bekymring for norske politikara. For å søke å balansere

²⁹ Utenriksdepartementet (1954) s. 1-2.

³⁰ Stortingstidende (13.06.1946) s. 952

utanriksøkonomien blei marknaden i Aust-Europa av større interesse for Noreg. Dette leia finansministerens Brofoss til å uttala seg i si utgreiing av statsbudsjettet for 1949:

I det hele tatt må en være klar over at arbeidet for å skape balanse i norsk utenriksøkonomi nødvendigvis må ha et utvidet varebytte med Øst-Europa som en av sine hovedforutsetninger. De øst-europeiske land der på flere viktige områder de eneste som kan erstatte dollarlandene som leverandør til Norge³¹

Del 3.1 Problem i innførselen av Korn

I fyrste rekke var norske interesser i handelen med Sovjet retta mot innførselen av korn.

Produksjonen av korn i Noreg hadde sidan 1945 opplevd ei større reduksjon i dyrkingsareal. Dyrkingsarealet i 1949 for *korn og erter* var 82.8 % av 1939-nivået³². Samtidig var den norske produksjonen retta mot bygg og havre, som i all hovudsak gjekk til husdyrfør. Likens var dyrkinga av kveite, ei kornsort som er betre egna som matkorn, avgrensa til å dyrkast på Austlandet og i det sørlege Trønderlag. Det var dermed ei tydeleg mangel på matkorn i Noreg, til tross for landets avhengigheit av varen. Norsk avhengigheit til importen av korn er svært synleg om man ser på forholdet mellom norske avlingar og importen. For 1946 var kornavlinga på 378 000 tonn, samtidig som innførselen var om lag 371 083 tonn. Av disse årsakene kan vi argumentere for at Noreg vart svært avhengig av utanlandsk motkornimport i etterkant av 1945 og den andre verdskrigen.

Å importere matkorn frå utlandet var derimot ei dyr affære. Før krigen importerte Noreg korn til ei verdi av 69 millionar kroner³³. Samanlikna med prisen etter krigen, stod importenprisen 3 gongar høgare i 1946. Til motsetning var 1946 mengda om lag 76% av 1938-nivået. Dette ugunstige forholdet mellom pris og tonnasje kan seiast å leie inn i eit større problem. Der Noreg måtte importere frå land som ikkje var råka av krigen. Kornimporten kom i all hovudsakeleg frå USA, Canada og Argentina. Der USA stod åleine for 37% av all korninnførsel i 1946³⁴. Dette medførte risiko for norsk utanrikshandel i den forstand at Regjeringa sin plan for å gjenreise norsk økonomi var tufta på importen av kapitalvarer frå markedene i Sverige og USA. Å bruke dollar til import av matkorn var frå norsk side sett på som ugunstig. Situasjonen var kritisk nokk til å få Finansminister Brofoss til å uttala ovanfor Stortinget: «det vil være nødvendig å utvise den største forsiktighet ved lisensieringen og

³¹ Finansdepartementet (1949) s. 38

³² SSB.a (1949) s. 11

³³ SSB.a (1938) s. 54

³⁴ SSB.a (1946) s. 52.

reservere dollarvalutaen for vitale gjennresningsbehov»³⁵. Importen av korn frå USA kan slik seiast å medverke til å forverre den norske mangelen på dollar. Det var difor gunstig for norsk handelsbalanse å sikre seg kornimport frå andre marknader utan bruk av dollar.

Innad i Stortinget la representantar press på regjeringa for å opprette handelssamkvem med Sovjetsamveldet. I diskusjonar frå 5. juli 1946 uttrykker leiaren for Utanriks- og Konstitusjonskomiteen Terje Wold frustrasjon over at vi «ikkje ennå (...) har oppnådd noen handelsavtale med Sovjet-Unionen»³⁶. Wold sin primære interesse låg i innførselen av terlast til gjenoppbygginga av Finnmark, ikkje på innførselen av korn. Andre slik som Carl Joachim Hambro, den parlamentariske leiaren for Høgre, påpeikte potensialet for ei rekke viktige varer, men vektla den tidlegare innførselen av korn og at «(d)et er natrulig for oss å ha en intim handel»³⁷.

Norsk interesse for sovjetisk korn verkar å styrke seg inn mot nye handelssamtalar for 1948. Statistikken viser at andelen korn frå Sovjetsamveldet aukar betrakteleg frå 1947 til 1948. Den norske handelsdelegasjonen skal i ifølge utanriksminister Halvard Lange, ha blitt instruert til å forhandle fram betydelege mengder matkorn³⁸. På dette tidspunkt dekkja sovjetisk korn 37% av den totale kveiteimporten, samt 61% av den totale rugimporten. Innførselen av blir på dette tidspunkt beskrive som Norges viktigaste importvare frå Sovjet-Samveldet³⁹. Lange uttrykker lettelse i når han framlegger dette for Stortinget den 14. juni: «Denne nye avtale har sikret oss 150 000 tonn rug og kveite i et tidsrom da det var vanskelig overhodet å skaffe brødkorn til landet»⁴⁰. Med auka kornimport frå Sovjetsamveldet avtar dette delar av presset på den norske dollarreserven, samtidig som det frigav ein til å importere meir tå amerikanske kapitalvarer.

Dømevis auka innførsle av amerikanske av ikkje- og elektriske-maskinvarer med 480 prosent samtidig som andelen av amerikansk korn sank⁴¹.

Del 3.2 Utførsel av norsk sild og herdet fett

I forhold til nedgangar i eksporten av forbruksvarer til Vest-Europa uttala finansminister Eirik Brofoss seg den 13. januar 1949:

³⁵ Stortingstidende (15.01.1947) s. 16

³⁶ Stortingstidende (13.06. 1946) s. 1219

³⁷ Stortingstidende (13.06.1946) s. 1218

³⁸ Utanrisk- og Konstitusjonskomiteen (29.01.1948) s. 1

³⁹ Den forsterkede (1948) s. 5

⁴⁰ Stortingstidende (14.06.1948) s. 1522

⁴¹ Norges Handel (1946) s. 44 & Norges Handel (1949) s. 48. Merk at den største årsaken til dette er nokk grunna Marshallhjelpa.

I det hele tatt må en være klar over at arbeidet for å skape balanse i norsk utenriksøkonomi nødvendigvis må ha et utvidet varebytte med Øst-Europa som en av sine hovedforutsetninger. De Øst-Europeiske land er på flere viktige områder de eneste som kan erstatte dollarlandene som leverandører til Norge, samtidig som de representerer naturlige markeder for en økt norsk eksport»⁴²

Eit sentralt aspekt ved eksporten til Sovjetsamveldet er at eksporten ikkje bestod av «dollarvarer»⁴³. Brorparten av Norge sine leveranser til Sovjetsamveldet bestod av enten herdet fett eller saltet sild. To varer som en hadde større problem med å få avsetning på i Vest-Europa⁴⁴.

Ei årsak til eksporten var at Noreg «brant inne» med saltet sild. Fiskeproduksjonen opplevde ei sterk auke i perioden, der spesielt fangsten av sild var spesielt god. Dømevis i 1948, var den totale fangsten av vintersild 8.8 million hl sild. Dobbelt så mykje som i 1939⁴⁵. Om lag 15.7% av dette blei saltet. Statlege insentiver medverka også til ei modernisering og utviding av produksjonen. For å halde prisane oppe gav den norske regjeringa *avsetningsgaranti* for saltet vintersild frå 1946 til 1950⁴⁶. Dette medførte at staten sjølv var ansvarleg for utførselen av saltet sild. Trass gode fiskeår, var det større vanskar med å finne avsetning for saltsilda på marknadene i Vest-Europa. I dei fyste etterkrigsåra var eksporten hertil litt over tidlegare år, men ved inngongen til 1947 og utover mot 1950-tallet sank etterspørselen blant mange tradisjonelt sterke saltsild-marknader.

Dei manglande avsetningsmoglegheitene verkar å være den leiande årsaka til at Sovjet blir tilbode saltet sild så tidleg som i 1945. Iføljle dåverande Utanriksminister Trygve Lie (1940-1946) skal Noreg ha tilbode Sovjetsamveldet bae saltet sild og svoveklis. Frå norsk side var dette eit forsøk på å bli kvitt silda meir enn noko anna. Hambro utdjuper: «denne silden er like ved å bli lakbrent»⁴⁷. Årsaka til at det var vanskeleg å avsette silda var iføljle Hambro grunna ein ugunstig handelskonjunktur. Responsen frå sovjetisk side skal ha våre lunken, men iføljle Lie: «det kan jo tenkes at russerne er interessert i saltet sild»⁴⁸.

⁴² Handelsdepartementet (1949) s. 38

⁴³ Den forsterkede finans- og tollkomité (1948). s. 7

⁴⁴ Melchior A. & Sverdrup U.(2015) s. 202

⁴⁵ Fiskedirektøren (1951) s. 45 & Fiskedirektøren (1941) s. 42.

⁴⁶ St. prp. Nr 5 (1950) s. 2., St.prp. Nr. 5. (1949) s. 1., St. prp. Nr 57. (1947) s. 2. & St. Prp. Nr. 29. (1946) s. 2.

⁴⁷ Utenriks- og konstitusjonskomiteen (24.08.1945) s. 17

⁴⁸ Utenriks- og konstitusjonskomiteen (24.08.1945) s. 26

Sovjetsamveldet viser ei langt større interesse for norsk eksport av herdet kvalfett. Ei vare som elles hadde gode avsetningsmoglegheiter i Vest-Europa⁴⁹. Under forhandlingar for handelsavtala for 1948 uttrykker forsyningsminister Oscar Torp, som leia handelsforhandlingane med Sovjet, at den norske delegasjonen var villig til å eksportere 30 000 tonn herdet fett, men at dette ikkje var ynskjeleg sidan herdet fett «er lettest for oss å handle også i andre land»⁵⁰. Men utover mot 1949 seig eksportandelen dertil. Grunna at nye kjemiske og vegetabiliske oljeformer overtok marknaden for kvalfett. Trass dette auka eksportverdien av dyre- og plantefett frå 108 millionar kg i 1947. Til 151 millionar kg i 1949⁵¹. Årsaka ligg i ei større utførsel til Aust-Europa. Der 21 % av eksportverdien for dyre- og plantefett eksporten kom frå Sovjet. Om lag dobbelt så mykje som ein eksporterte til Sverige, den nest største mottakaren⁵².

Del 3.3 Innførselen av kron- og manganmalm

Importen av krommalm og manganmalm har ei langt mindre rolle i den totale importen frå Sovjetsamveldet, men har ei utbreidd betydning for norsk handel i perioden. Grunna relativt lett tilgang på elektrisitet gjennom utbygginga av vassverk. Dette kombinert med større jarnmalforekomstar gav det Noreg ei større fordel i produksjonen av ferrolegeringsmateriell, slik som ferrokrom og ferromangan. Disse varer var langt enklare å avsette i Vesten, og Noreg naut godt av denne etterspørselen⁵³. Dømevis i 1949 importerte ein manganmalm til ein verdi av 29 millionar kroner. Samtidig som ein eksporterte ferromangan til ein verdi av 53 millionar kroner. Om lag 30 millionar blei eksportert til USA, eit marknad Noreg hadde betydelege underskot til.

Importen av krom og manganmalm frå Sovjetsamveldet byrja i 1947 med ei leveranse på 10 millionar kg manganmalm og 15,7 millionar kg krommalm. Leveransane frå Sovjet stod for 10 prosent av den totale innførselen av manganmalmen og 30% av krommalmimporten. I forhold til den totale importen frå sovjet, stod dette for 8,5% av importen. Utover mot 1949 seig Sovjet sin andel av handelen, ned til 9% av manganmalmimporten, og 26% krommalmen. Der Sterlingområdet tek over for større delar av handelen.

Regjeringa sjølv framlegger ynskjer om å få levert betydelege større mengder med det formål å spare utførselen av dollar⁵⁴. Innførselen av krommalm og manganmalm frå Sovjetsamveldet

⁴⁹ Den forsterkede finans- og tollkomité (1948) s. 6-7

⁵⁰ Utenriks- og konstitusjonskomiteen (29.01.1948) s. 6

⁵¹ SSB. a. (1949) s. 54 & SSB. a. (1947) s. 48

⁵² SSB. a. (1949) s. 373 & 342

⁵³ Statsministeren (1953). s. 77

⁵⁴ Den forsterkede finans- og tollkomité (1948) s. 6

kan slik seiast å ha hatt større interesse for norsk handel og handelsbalanse, sidan det gav eit alternativ til Sterlingområdet.

Del 3.4 Gjødning

Sovjetsamveldet trer fram som den første og ein av dei større leverandørane av råfosfat til Noreg i etterkrigstida. Råfosfat blei i all hovudsak brukt i produksjonen av superfosfat. Eit gjødningsmiddel som var sentral for norske forhold, der pris og etterspørsel var langt over førkrignivået⁵⁵. Likens var den totale importen av superfosfat langt større enn importen av råfosfat, noko som hintar til at norsk produksjon var langt mindre enn etterspørselen. Der den totale mengden av superfosfat var seks gongar større enn råfosfat. Brorparten av importen av superfosfat kom frå vestlege marknader, slik som Belgia. Samtidig var tilførselen av belgisk frank, ifølje Lange sin utredning for handelen i 1948 var: «like vanskelig for oss som dollar»⁵⁶

I lys av dette viser Noreg større interesse for innførselen av råfosfat frå Sovjetsamveldet. handelsminister Lars Evensen at «vi håper å få tilstrekkelige mengder råfosfat på en handelsavtale som (...) nå har vært forhandlet i Moskva»⁵⁷. Evensen uttrykker ynskje om ei jamn innførsel, som vil bidra til ei langt meir gunstigare forsyningssituasjon slik at ein kunne sikre eigen produksjon av superfosfat.

Norsk etterspørsel av råfosfat opplever ei sterk auke i perioden. Der den totalt innførte tonnasjen har ei prosentauke på 300% frå 1949 til 1950. Forhaldet mellom tonnasjen av superfosfat til råfosfat sank frå 5/1 i 1949, til om lag 13/10. Noko som kan tyde på framveksten av ei innandlandsk superfosfatindustri. I forhold til prisforskjell mellom importpris stod også råfosfat sterkt. Eit tonn råfosfat hadde i 1949 ei prisforhald på 10 tonn råfosfat til 1000 kroner. Prisforhaldet på superfosfat var lang mindre gunstig, med 4 tonn for 1000 kroner⁵⁸. Sidan importen av råfosfat frå Sovjetsamveldet i tida frå 1947 til 1949 var stabil må kunne seiast å ha lagt eit grunnlag for ei jamn utbygging av fosfatindustrien innad i Noreg.

Del 3.1.5 Innførsel av mindre poster

Ut i frå kjeldemateriellet blir det via langt mindre interesse for disse varer. Trass er det to varer som blir nemnt i kjeldemateriellet som er av ei viss interesse. Råasbest blir nemnd som

⁵⁵ SSB. a. (1946) s. 16

⁵⁶ Utenriks- og konstitusjonskomiteen (29.01.1948) s. 2-3

⁵⁷ Stortingstidende (13.12.1948) s. 2613

⁵⁸ SSB. a. (1949) s. 85.

ei viktig innførselsvare, der Sovjet var posisjonert som den største leverandøren av denne varen fram mot 1953. Nedre leverandørar, slik som Finland, Canada og britiske territorier i Afrika står også fram som større leverandørar. Norsk interesse for råasbest kan stamme frå gjennbygging av busetnader i Nord-Noreg som under krigen var blitt øydelagd. Samt andre byggeprosjekt i landet.

Glaubersalt skal ha blitt importert i åra 1948, 49, 50, og 54, Noko Halvard Lange påpeiker at Noreg «forgjeves forsøkt å sikre oss annetsstedsfra»⁵⁹. Trass dett er denne varen av liten økonomisk betydning for den totale handelen med Sovjetsamveldet.

Del 3.6 Eit politisk perspektiv på handelen

«Brubygging» blir ofte brukt for å beskrive norsk utanrikspolitikk opp mot norsk medlemskap i A-pakta i 1949. Med politikken søkte Noreg å plassere seg som ein mellompart i striden mellom Sovjetsamveldet og USA, noko som kan ha farga av på norske interesser ved handelen.

På norsk venstreside ynskje ein å knytte å knytte handelsforhald til Sovjet på den basis å sikre eit vennskapleg forhold. Dette argumentet blei i all hovudsak fremma av medlemmer i NKP.

Slik som Johan Strand Johansen formulerte det framfor Stortinget 3 juni 1946:

«handelspolitikken må ha som mål å styrke vårt vennskaplige forhold til alle fredselskende land i første de land som stod sammen mot facismen»⁶⁰. Samtidig påpeiker Johansen at handelen med Sovjet vil kunne bistå i ei viss konjunkturtrygd. Der dei planøkonomiske elementa ved økonomien verkar stabiliserande på eksportpris og importpris. Isolert frå ustabiliteten i marknadsøkonomiar. Likens viser Halvard Lange at det herska ingen «stor uenighet i denne sal» mot å knytte ei allsidig utanrikshandel på bakgrunn av utanrikspolitiske grunner⁶¹.

Dette var også i norsk interesse å oppretthalde eit positivt forhold til Sovjet av handelspolitiske grunner. Ifølge Holtsmark (2015) gav dette Noreg ei viss grad av forhandlingsrom ovanfor Sovjet. Der det ikkje var i sovjetisk interesse å fremstå tyrannisk ovanfor uavhengige småstatar⁶². Forhandlingsklimaet mellom Noreg og Sovjet verkar i perioden fram mot handelsåret 1950 å være svært konstruktivt. Der dette gav Noreg moglegheita til å innføre varer som Sovjet var meir reserverte til å eksportere, dømevis

⁵⁹ Utenriks- og konstitusjonskomiteen (29.01.1948) s. 1

⁶⁰ Stortingstidende (13.06.1946) s. 1226-27

⁶¹ Stortingstidende (13.06.1946) s. 1230

⁶² Holtsmark S. G. (2015) s. 360

glaubersalt. I sin oppsummering av handelsforhandlingar i 1948 uttrykker Lange, i et nesten forbløffa ordlag, at den norske delegasjonen kunne framleige sine ynskjer utan vesentlege endringar. Vidare fortelje Lange at handelsforhandlingane var «ført i en atmosfære av utpreget goodwill», og konkludera at vidare handelsforhandlingar skal «vise(r) en så korrekt og vennskaplig holdning som det overhodet er mulig når vi forhandler med Sovjet-Samveldet»⁶³.

Del 3.7 Samla interesser i perioden 1946-1949.

Den norske strategien ovanfor å driva handel med Sovjetsamveldet var å sikre importen av forbruksvarer som Noreg elles måtte betale ved hjelp av dollar, i fyste rekke den potensialet for sovjetiske kornleveransar. I byrjinga av handelen bidrog Sovjet med eit relativt avgrensa kvanta med korn til Noreg, men ved handelsavtala i 1947 veks det fram ei kopling mellom eksporten av sild og herdet fett i bytte mot matkorn. Denne koplinga verkar å bli styrka ut mot nye handelsavtalar i 1948 samt 1949, til ei slik grad at Noreg plasserte handelen med Sovjet som av ytst betydning i å sikre matkorn til landet. Likens var det frå norsk side ei sterk auke i produksjonen av saltet sild som bidrog til å leggje presset på den norske regjeringa for å finne andre marknader som allereie ikkje var «mett» på sild. Handelen medførte også innførselen av ei rekke andre varer som var av større interesse for norsk økonomi. Spesielt blei krom- og manganmalm vørd, og ein ynskja eit utvida import av denne varen som eit alternativ til importen frå Sterlingområdet. Råfosfat var også ei verdsett importpost. Den norske Regjeringa ynskja med denne importen å kunne bidra til å byggje opp eigen fosforindustri slik at norsk jordbruk ikkje var avhengig importen av superfosfat.

Del 4 Utfordringar for norsk handelsstrategi

Som tidlegare nemnd sank handelsvolumet mellom Noreg og Sovjetsamveldet i handelsåret 1950. Samt gjeld dette også for andre A-pakt land i perioden. I norsk samanheng ser ein reduksjon på 45 prosentpoeng frå året før. Samtidig som Sovjetsamveldet si stilling i norsk utanrikshandelen blir sterkt redusert.

Del 4.1 Brotet i 1950 – Omlegging av handelsstrukturen

At handelen stagner har ei rekke effektar på strukturen i norsk utanrikshandel. Det har ei større betydning for importen til landet enn for strukturen i norsk eksport. Ein viktig årsak ti dette er *langtidsavtala* ein inngjekk med Sovjetsamveldet for åra 1949, 1950 og 1951. Samt ei separat avtale for 1952. Dette innebar importen av visse varekvantum av korn, malmar og

⁶³ Utanriks- og konstitusjonskomiteen (29. januar 1948) s. 3

gjødningstoff, samt oppretthaldt det eksporten av saltet sild og herdet fett⁶⁴.

Nedgangen er mest markant i importen av korn. I 1949 importerte ein korn til ein verdi av 105 millionar kroner. I 1950 stod denne posten for 59 millionar kroner. Kornimporten dekkjer såleis 19% av den totale kornimporten. Ei nedgang frå 39% året før. Resultatvis aukar importandelen frå dollarområdet betrakteleg. Frå 40% i 1949 til 57% i 1950.

Brotet leiar vidare til bortfallet av nokre importvarer. Slik som steinkol, solarolje, og parafinvoks. Sjølv bortfall av ulike oljer og nedgang i kornimporten frå Sovjet, aukar innførselen av ei rekke andre varer.

